

Avdeling Os

Org.nr. 879 951 542
Hamnevegen 53,
PB. 291, 5203 Os
Tlf: 56 57 00 70

Avdeling Stord

Org.nr. 917 495 637
Torgbakken 9
PB. 667, 5404 Stord
Tlf: 53 40 37 80

08.01.24

**Detaljregulering Hosteland vest
Justeringar i planmateriell etter vedtak**

Av skjema under går det fram ein oversikt over korleis vedtak i sak 092/2023 (14.12.23) er følgt opp. Endringane er gjort med utgangspunkt i brev frå Statsforvaltaren datert 06.12.23.

<u>Merknad frå statsforvalteren</u>	<u>Følgd opp i plan</u>
Fastsett kotenivå for deponi og sideterreng i massehandteringsplanen.	I massehandteringsplanen er det henvist til vegteikningar, som viser høgder i terrenget. Det er lagt inn i føresegn § 1.2.6 at høgder for vegfyllingar, #6 og #7 går fram av vegteikningar. Føresegner til #6 og #7 omtalar også dette.
Bestemmelse om avbøtende tiltak mot avrenning.	§ 4.1.7 og 4.1.8 er oppdatert slik at krav om avbøtende tiltak mot avrenning er sikra.
Sikre mer miljøvennlig håndtering av overskuddsmasser i tråd med avfallspyramiden.	Massehandteringsplanen beskriver tiltaket opp mot avfallspyramiden.
Om massehandteringsplanen viser at ein kan nytte overskotsmassane på ein meir berekraftig måte, ber vi om at ein tar ut deponiområde ned mot vassdraget.	Det er vurdert som uhensiktsmessig å ta ut deponiområde på bakgrunn av følgjande vurdering: <ul style="list-style-type: none">• Dersom ein ikkje nyttar og plasserar massar innafør planområdet er det behov for å køyre massane vekk. Transport av massar gir høge klimagassutslepp, og dette er vurdert som meir ugunstig i eit klimaperspektiv, enn å plassere massane innanfor planområdet.• Prinsipp i massehandteringsplanen er så stor grad av gjenbruk av masser som mogleg.

	<p>Dersom det ved utbygging på Hosteland er kjennskap til nærliggande prosjekt som treng massar, kan dei køyrast dit.</p> <ul style="list-style-type: none">• Det er ikkje vurdert at #6 og #7 vil gje større negativ verknad på vassdraget enn veganlegg og bustadtomter innanfor planområdet.• Løysinga for #6 vil gje betre terrengtilpassing for vegframføring.
<p>Rår sterkt til at omsynet til kantvegetasjon vert tilstrekkeleg avklart. Som minimum bør det leggest inn føresegn om at det må søkast dispensasjon frå vassressurslova § 11 for fjerning av kantvegetasjon.</p>	<p>Det er lagt inn føresegn i § 1.4.2 om at fjerning av kantvegetasjon krevjer dispensasjon frå vassressurdlova § 11.</p>

I tillegg til justeringar for å imøtekomme Statsforvaltaren sine merknader, er det gjort nokre mindre presiseringar i føresegner knytt til terrenghandsaming/terrengtilpassing for å følgje opp føringar/ambisjonar i massehandteringsplan.

Med vennlig hilsen
ABO Plan & Arkitektur AS